

PROTOKOLL

Årsmøte på Yris Kafe 25.03.21, kl. 20:00.

1 . Opning av årsmøtet v/Leiv Arne Egset

- . 1 Innkalling, godkjent utan merknad
- . 2 Sakliste, godkjent utan merknad
- . 3 Val av møteleiar, Leiv Arne Egset vart valt
- . 4 Val av referent, Silje Opheim vart valt
- . 5 Val av to personar til å skrive under protokollen, Caroline Lindvik Gjerde og Terese Sunde

Sak 2. Årsmelding frå gruppene

Alle blei lese opp, og godkjent.

Olden IL har bestått av følgjande grupper i 2020: Hovudstyret, Idrettsskulen, Fotballgruppa, Friidrettsgruppa, Skigruppa, Alpingruppa, Banenemd, Oldestafettnemd, Skarsteinsetra Opp, Idrettsmerkegruppa, Basisball, Fjelltrimmen, Premieansvarleg, Valnemd, Husnemd og revisorar.

Sak 3. Rekneskapen

Tove Kristin Vedlog presenterte rekneskapen for 2020. Den blei godkjent.

Styret får honnør for god økonomistyring, og for aktiviteten rundt søknadar på midlar.

Sak 4. Det blei vedteke at medlemskontingenten ikkje skal auke i 2021.

- Born under 16 år kr. 250.-
- Støttemedlem: kr. 200.-
- Vaksne f.o.m. 16 år kr. 350.- (Gjeld frå det året dei fyller 16)
- Familie kr. 500.-

Born kan reknast med i eit familiemedlemskap t.o.m. det året dei fyller 18.

Medlemskapet i Olden IL kan betalast til konto 3770.20.32211 eller Vipps 516872.

Sak 5. Fastsetjing av treningsavgift styrkerom. Styret foreslår følgjande:

«Alle som brukar styrkerommet skal vere medlem i Olden IL og enn kan kjøpe adgang for 6 eller 12 månadar. 6 mnd kr 800 og 12 mnd kr 1350 + betalt medlemsavgift. Kun personar over 17 år får trene på eiga hand. Dei som brukar rommet må sjølve stå for reinhald av lokala etter oppsett plan. Friidrettsgruppa får ansvar for oppsyn og å drifte lokala»

Det kom innspel om at vi bør ta meir betalt for adgangskortet. Det kom også innspel om at treningsavgifta bør vere inkludert i adgangskortet. Fleire ønskte også at styret vurderte å leige inn reinhaldar då dei var redde for at folk ikkje kjøpte kort om dei må vaske etter oppsett plan.

Friidrettsgruppa ynskjer å endre ordlyden i forslaget til styret når det gjeld kva rolle dei har i styrkerommet. Det vert endra til: «Friidrettsgruppa skal ha oppsyn med styrkerommet og vedlikehald av utstyret.» Årsmøtet gjev styret fullmakt til å fastsette pris på adgangskortet.

Sak 6. Budsjett

Etter gjennomgåing av budsjettet kom det inn to forslag til endringar. Vi aukar posten på straum (arenabygget) til 10 000kr og aukar inntekta til Oldestafetten til 40 000kr. Budsjettet vart etter desse endringane godkjent.

Sak 7. Val

Styret:

Sondre Guddal Muri erstattar Silje-Katrin Opheim

Birte Krogh Høgalmen Holko erstattar Mariell Skrede

Idrettsskulen:

Hege Gjertsen erstattar Cecilie Sunde

Frantisek Strapec kjem inn

Fotballgruppa:

Frode Gjerde, Bobbie Mangard og Camilla Ostad går ut og vert ikkje erstatta

Friidrettsgruppa:

Linda Sanden Rake går ut og vert ikkje erstatta

Alpingruppa:

André Opheim erstattar Andreas Drageset

Fjelltrimgruppa:

Anita Guddal og Caroline Lindvik Gjerde går ut

Bobbie Mangard kjem inn

Valnemd:

Else Fredheim går ut og styret må finne ein erstattar

Nye grupper:

Banenemd friidrettsbana:

Einar Strand og Helge Hafsås kjem inn

Sykelgruppa:

André Opheim, Andreas Drageset og Martin Fredheim Klaesson kjem inn

Skarsteinsetra Opp:

Styret bør ha ein representant frå sykkelgruppa og ein frå friidrettsgruppa.

Det blei vedteke at Odd-Kjetil Tønning, André Opheim, Andreas Drageset, Kjersti Haugland, Hans-Petter Galtung og Per Muri skal sitte i styret for Skarsteinsetra Opp.

Sak 8. Innkomne saker frå Hans Petter Galtung

.1 «Idrettslaget bør arbeide aktivt for å sikre seg det attverande arealet på Oldeleirane. Ca. 3 mål er sett av til allmennnyttige formål. Området er stort nok til ei 7-ar fotballbane, t.d. 30x50m. Denne bana kan tilretteleggjast for isaktivitetar vinterstid. Der vil og vere plass til leikeapparat, hinderløype m.m. Olden manglar eit sentrumsnært område for fotball og vi har no ein unik sjanse til å få grunn til eit prosjekt det har vore arbeidd med i veldig mange år»

Forslag til arbeidsgruppe: Hans Petter Galtung, André Opheim, Ragnvald Flåten og Sondre Guddal Muri. Hans Petter og Sondre tek kontakt med Andre og Ragnvald.

.2 «Nemnda for Skarsteinsetra Opp må inn i systemet på lik linje med Oldestafettnemnda og dei andre gruppene. dvs. at nemnda vert utpeika av årsmøtet og skriv årsmelding. Både sykkelgruppa og friidrettsgruppa bør vere representert i nemnda»

Endringane er allereie diskutert tidlegare i møte og nytt styre er sett.

.3 «Referat frå årsmøta skal gjerast tilgjengeleg for medlemmane i idrettslaget»

Dei ligg på Olden IL si heimeside, og vert lagt ut her for framtida også. Fjoråret manglar dessverre.

.4. «Alle gruppeleiarar eller andre medlemmer av dei respektive gruppene må vere til stades på årsmøta. (Det burde eigentleg vere sjølvst, men erfaringane frå dei siste årsmøta viser at det er nødvendig å presisere dette)»

Oppmøte i år er betre enn dei to føregåande åra. Styret inviterar og oppmodar alle til å møte, med det er vanskeleg å få alle til å kome dessverre.

Sak 9. Ordet fritt

Orientering Jubileumsbok – Hans Petter Galtung. Det har vore lite aktivitet med jubileumsboka og dette er det fleire årsaker til:

1. Korona
2. Usikkert kor tid Olden IL faktisk blei skipa. Usikkerheit rundt datoen har kome opp i samband med innhenting av dokumentasjon
3. Prioritering – Aktivitet/trening er viktigast og dermed førsteprioritet. Derneast arenabygget og til sist boka. «Det er viktigare å skape historie enn å fortelje den, seier Hans Petter Galtung». Men boka kjem, sjølv om tidspunktet ikkje er fastsett endå.

Referent

Silje- Katrin Opheim

Dato/Stad

Olden 8/4-21

Terese Sunde

Terese Sunde

Dato/Stad

Olden 5/4-21

Caroline L. Gjerdie

Caroline Lindvik Gjerdie